



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for samferdsle**

Møtedato: 25.10.2018

Sak nr.: 18/7298-5
Internt I.nr. 48287/18

Sak: 44/18

Tittel: **Fornying av ruteløyve NX170 Førde - Oslo**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Firda Billag Buss AS og Nettbuss Travel AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år fra 01.01.19 til 31.12.28.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med andre fylkeskommunar som ruta kører gjennom.
- d) Det er tillate å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skysstasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Noresund, Hamremoen og Vikersund. Det er ikkje tillate med lokaltrafikk på strekninga Oslo – Drammen – Hokksund – Vikersund. I Oslo skal bussane køyre E 18 via Frognerstranda og Oslotunnelen. Dei einaste godkjende haldeplassane er Skøyen og Oslo SL-Bussterminal.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.